



Ver merksame på hjort og rådyr og køyr forsiktig på vegen gjennom Uskedalen.

Ei rådyrgeit vart påkøyrd ved Kleivadalssvingen onsdag morgon. Klara Bakke i Kvinnherad Ettersøkslag presierer at det er mykje dyr langs Fylkesvegen i Uskedalen og at ein må vera merksame på faren for påkøyring. Statistikken syner at det vert påkøyrd om lag like mange av kvart slag, rådyr og hjort, i Kvinnherad.

Rådyrgeit er det same som rågeit. Ein brukar og namnet kje eller kidd om avkomet. Hannen er bukk, ikkje okse.

Vegstrekninga Rød - Beinavikjo er plassen i Uskedalen for flest påkøyringar. Den gamle frukthagen på nedsida av vegen i Beinavikjo er ein god gøyme plass. Her er ofte dyr, også på lyse dagen. Det same gjeld på begge sider av vegen i Kleivadalen.

Ved påkøyringar av hjort og rådyr der dyret overlever, men er skada, er det viktig ved avmelding til Ettersøkslaget at plassen vert nøyaktig registrert. Det lettat arbeidet mykje for jegeren å vita kor ein skal starta søket.

Ettersøkslaget bed alle køyra varsamt på denne strekninga og alltid ha i tankane at det kan vera dyr som kryssar eller er i vegbanen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Klara Bakke